

4 **kultur**
Sitt første
soloshow



6 **kultur**
Endelig
66




27 **debatt**
Hva er galt
med deltid?



kultur & folk

SØNDAG

17. mars 2013
BERGENS TIDENDE



GAMLE BÅTAR i ny hall

Alle båtar trivst best i naust
eller på sjøen, men det kan
hende dei gamle trebåtane
finn seg til rette i den nye
Båthallen på Stend. >>>>

TRADISJONSBÅT: I hundreår etter
hundreår har vestlendingar sett sin
lit til oselvaren og Vårherre. Den nye
Båthallen på Hordamuseet fortel
historia om båtane og folket som var
avhengige av dei.

FOTO: RUNE MEYER BERENTSEN

**300 PAR UMBRO FOTBALLSKO
PÅ VEI INN I BUTIKKEN**



»150,- »250,-

Sport > Outlet

Merkevarer - under halv pris!

SARTOR STORSENTER

3. etasje - i lokalene til tidligere Mekk/bare barn

FYLLINGSDALEN

Auto 23-bygget, 2 etg. Spelhaugen

ÅSANE

Gullgruven senter, 2 etg.

kultur og medier

Nyhetsleder kultur
Guro Istad
 tlf. 55 21 45 22 – epost: kultur@bt.no



URGAMLE FORMER: To oselvarer er monterte slik at det som vert kalla halsabord er synlege. – Det er det som gjev eigenskapane til båten. Vi ville vise det som vanlegvis er skjult under vatnet, seier Ole Mikal Olsen Ramsøy.

Båtskatt fram i lyset

Færingar, åttringar og tiæringar frå heile fylket har fått plass i den nybygde Båthallen på Hordamuseet.

KARI FAUSKANGER
RUNE MEYER BERENTSEN (foto)
 kari.fauskanger@bt.no

Solstrålane skaper liv i dei gamle båtskroga som ligg side om side i det moderne båthuset på Stend. Ein losbåt frå Sund, ein kyrkjebåt frå Ytre Ålvik, ein postbåt som gjekk i rute mellom Hatvik i Os og Øpstad i Fusa på 1800-talet.

Frå presenning til tak

Ein eim av tjøre og salt kviler over segl og tiljer. Lyden frå bølgeslag og måseskrik set publikum i den rette maritime stemninga.

Før låg den store båtsamlinga til Hordamuseet vekkstabla i magasin eller under open himmel, utsett for vær og vind, ofte berre verna av ein presenning. No har den unike båtskatten kome under tak. Litt vekk frå sjøen, men med utsikt over Fanafjorden og med skogen tett på, ligg båthuset som rommar 26 historiske båtar.

Ole Mikal Olsen Ramsøy er undervisningsleiar ved Hordamuseet og har vore prosjektleiar for Båthallen. Han likar plasseringa.

–Tre og sjø var dei viktigaste føresetnadene for den mange hundre år lange vestnorske båtbyggjartradisjonen. Det går ei ubroten linje frå bytbyggjinga i vikingtida til dagens oselvarar og hardangerbåtar. Utan båten hadde ikkje Vestlandet slik vi kjenner det eksistert, seier han.

Ramsøy passar seg vel for å kalle båt-huset for naust.

–Eit naust skal liggje ved sjøen, ha sviller til å dra opp båtane på og store dører vendt mot vatnet, meiner askøystrielen. –Det kjennest godt, seier Per Øyvind Riise. Direktøren ved Bymuseet i Bergen, som Hordamuseet no er ein del av, er som snarast innom Båthallen før opninga. Han er nøgd med det han ser.

–Av og til, når det står på som verst, er det som ein gløymer å sjå etter kor fint det blir, seier han.

High-tech formidling

På moderne touch-skjermar leitar vi fram bilete av sildetønner og fiskarbønder. Filmar frå tradisjonell kyrkjeskys og vågale havseglasar flimrar forbi. På ein stasjon kan du «byggje» din

eigen oselvar. Gamle, velbrukte og kanskje gløymde ord dukkar opp på skjermen. Framhals, botnbord, keipe, esing – det gjeld å velje dei rette delane skal du setje saman ein brukande og sjødyktig farkost.

Hordamuseet har tatt i bruk ny teknologi for å formidle tradisjonar med røter fleire hundre år attende i tid. Museet har bidrege med innhaldet, medan Mediesenteret på Høgskolen i Bergen har stått for dei tekniske løysingane. Orda frå PC-skjermene dukkar opp at på veggene. Undervisningsleiaren synest det er viktig å vise at det var eit rikt ordtilfang i den gamle kystkulturen. Kvar einaste «dings» hadde si nemning.

–Dei brukte eit velutvikla og presist språk. Det var viktig, seier Ramsøy.

I øvste etasje er det rigga til



SYDD SAMAN: Halsnøybåten er ein rekonstruksjon av ein båt som vart funnen i ei myr på Halsnøy i Kvinnherad. Originalen er truleg frå 300-talet.

bt.no/bergenpuls: Les mer om kulturnyheter, film, musikk, litteratur, spill, tv, scene og utstilling.



KUNNSKAP: Ole Mikal Olsen Ramsøy håpar mange vil kome og oppleve korleis folk levde langs kysten i tidlegare tider.



GOD Plass: Gamle båtar på rekkje og rad. – Dette er eit godt rom å vere i, tykkjer prosjektleiar Ole Mikal Olsen Ramsøy.



FORMIDLING: Høgt teknologisk datautstyr er på plass for å formidle kunnskap om dei gamle tradisjonane.

ein tradisjonell båtbyggjarverkstad. Her er det ikkje berre gamle båtar, men også gammalt handverk som skal formidlast.

Bevaring, ikkje bygging

Per Øyvind Riise understrekar at dei museumstilsette ikkje skal bli båtbyggjarar. Hordamuseet skal framleis vere eit museum med vekt på bevaring og formidling. Han meiner den nye Båthallen er eit eksempel på at det ikkje er nokon motsetnad mellom dei to.

– Her får vi tatt betre vare på båtane, samstundes som vi får formidla kunnskapen mykje betre enn før, seier han.

Ole Mikal Olsen Ramsøy tar oss med ned i første etasje, peikar ut det eine klenodiet etter det andre. Han kjenner historia til kvar enkelt.

– Denne båten er frå Fitjar.

fakta

båtbygging i Hordaland

- Dei tre hovudområda for båtbygging i Hordaland er: Nordhordland, Bjørnafjorden og Hardanger.
- Norges nasjonalbåt, Oselvaren, høyrer til i bjørnafjorddistriktet.
- Det er tydeleg slektskap mellom dei ulike båtbyggjartradisjonane, særleg mellom oselvarar og hardangerbåtar.
- Båtane fekk og namn frå staden dei er bygde, for eksempel masfjorbåt og ostrabåt, eller frå båtbyggjaren.
- Ein færing er ein robåt med plass til to par årer.
- Tilsvarande har ein æring eit par årer, seksring, tre par årer og ein ættring fire par årer.

Han vart brukt til å frakte poteter til Bergen. Lasterommet er overbygd, slik at potetene ikkje skulle bli våte. Det var viktig å halde potene tørre. Det var ikkje så nøye med mannskapet, seier han og går vidare til neste båt.

Tre og tjørre

Her er det berre bruksbåtar, alle er frå førindustriell tid. Det tar ei stund før plast og glasfiber finn vegen inn i Båthallen.

I alt har Hordamuseet 40 båtar i sine samlingar, men det er plass til fleire.

– Vi vurderer frå båt til båt, men manglar særleg båtar frå Nordhordland og dei søndre delane av Sogn og Fjordane, seier Ramsøy. Han er mest interessert i båtar det er knytt ei historie til.

Formidlingsglede er ein del av utstillinga i Båthallen på Stend, som opna i går.

Takkar Per Grieg for hallen

Båthallen på Stend er eit ideallager for desse båtane. Så eg ringde og sa at det kunne vi tenkje oss å hjelpe til med, seier Grieg.

– Utan Per Grieg sr. hadde det ikkje blitt nokon båthall på Hordamuseet, kvitterer direktør Per Øyvind Riise ved Bymuseet i Bergen.

Det har tatt mange år og kosta 17 millionar kroner å få nybygget på plass. Grieg Foundation har bidrege med 5,5 millionar kroner, medan resten er eit spleiselag mellom staten, Hordaland fylke og Bergen kommune.

– Av og til er dette den mest effektive måten å få sett i gang noko på – at private er inne med midlar først. Då er det lettare å få med seg det offentlege, seier Per Øyvind Riise.

Korleis fatta så Per Grieg interesse for dei historiske båtane på Stend?

– Eg las i avisa at dei hadde 46 båtar liggjande i naust og under presenningar og at dei

gjerne ville byggje eit nytt lager for desse båtane. Så eg ringde og sa at det kunne vi tenkje oss å hjelpe til med, seier Grieg.

– Båtar er viktige for oss, legg han til. I kontorlokala til Grieg Group svevar ein oselvar høgt over fellesareala.

Hordamuseet hadde tenkt seg eit stort lagerrom som ikkje eigna seg til formidling, men Grieg meinte at dei burde prøve å få til eit bygg der båtane kunne presenterast på ein skikkeleg måte. Det vart som Grieg ville.

14. februar 2011 la han ned grunnsteinen for Båthallen og i går opna det 1270 kvadratmeter store nybygget, som er teikna av arkitekt Øivind Maurseth.

– Dette er eit ideallager for oss, eit prosjekt der vi kan klare å gjere ein forskjell. Båthallen er blitt ein flott tilvekst for Hordamuseet, seier Per Grieg.